



**Saksframlegg**

**Rekneskap 2025 - Fyresdal kommune**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	33/26	03.06.2026
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Vedlegg**

- 1 Rekneskap 2025 - Fyresdal kommune
- 2 Revber Fyresdal 2025 sign.pdf

**Bakgrunn for saka:**

Det er kommunestyret som godkjenner årsrekneskapen, etter innstilling frå formannskapet. Rekneskapen skal vere godkjent seinast 6 månader etter rekneskapsåret sin slutt. Frå og med 2020 skal eit mindreforbruk avsettast til disposisjonsfond som del av årsoppgjørdisposisjonane, dvs. at rekneskap avsluttast i balanse eller med eit meirforbruk. Ved eit eventuelt meirforbruk i drift eller eit udekket beløp i investeringsrekneskapen, skal dette som hovudregel dekkast inn året etter at det oppsto (kommunelova §14-11). Kontrollutvalet har hatt Fyresdal kommune sin årsmelding og årsrekneskap til uttale i møte 28. mai.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Handsaminga av årsrekneskapen er fyrst og fremst å stadfeste at det framlagte rekneskapsdokumentet gjev eit korrekt bilete av dei disponeringane som er gjort gjennom året, og den økonomiske stoda pr. 31.12. Vidare dokumenterer årsrekneskapen at disponeringar er gjort i samsvar med vedtak og fullmakter, lovar og forskrifter. Det er viktig å sjå denne saka i samanheng med årsmeldinga. Rekneskapen syner inntekter og disponering av desse gjennom rekneskapsåret, og status ved utgangen av året, men gjev lite informasjon om bakgrunnen for valte disponeringar. Dette kjem til uttrykk i årsmeldinga.

Rekneskapen er revidert og godkjent av Vestfold og Telemark revisjon IKS den 14. april.

Netto driftsresultat i 2025 vart på 17,8 millionar, om lag 10 millionar mindre enn justert budsjett. Avvik mellom rekneskap og budsjett skuldast overforbruk på ramme til alle sektorane. Ein har ikkje klart å justere tenestenivået i sektorane etter den økonomiske ramma. I tillegg har det vore ekstrautgifter i samband med tilrettelegging for etablering av datasenter i kommunen.

Størst avvik har vi i sektor plan og teknikk med om lag to millionar grunna ekstraavgifter i samband med datasenteretablering og i sektor stab og økonomi med sju millionar i meirutgifter grunna premieavvik på pensjonskostnader.

Auke i kraftinntekter gjer at ein likevel kjem ut med eit godt driftsresultet men det går utover tiltenkt avsetning til disposisjonsfond og tenkt finansiering av investeringar.

Investeringsrekneskapan syner eit aktivt år med investeringar på over 20 millionar. I tillegg så er underskotet på over 17 millionar frå 2024 dekt inn i sin heilhet. Dette er finansiert med sal av areal (tomter) og overføringar frå driftsrekneskapan (kraftinntekter). Dei største investeringane i år er ferdigstilling av oppgraderinga av kulturhuset, infrastruktur til bustadområde på Århusjordet og oppgradering av kommunale vegar.

Disposisjonsfondet var budsjettera med ei styrking på 4 millionar mens resultatet viser ein reduksjon på over 3 millionar. Saldo på disposisjonsfondet er nå på litt i overkant av 13 millionar. Dette utgjør ca 5 % av årlege driftsinntekter. For å ha ein solid buffer for uforutsette hendingar bør ein ha eit større disposisjonsfond.

Premieavviket for 2025 vart på – 1,1 million og skal inntektsførast i 2026.

### **Konklusjon:**

Årsrekneskapan for 2025 viser eit godt bilete av årets inntekter og disponeringar av dei og den økonomiske stoda til Fyresdal kommune pr. 31.12.2025.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune sitt årsrekneskap for 2025 vert godkjent slik det ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef